



Den gamle uteløa vart til naust og er no restaurert. F.v: Tore Nordahl Pedersen og Sigbjørn Rød.

Sigbjørn Rød og Tore Nordahl Pedersen restaurerer gamalt naust på Rød, i grensa til Bøkkerverkstaden. Naustet er eigentleg ikkje gamalt. Ei uteløe på bruk 4, Ytre Rød, vart riven for om lag 60 år sidan, flytta og brukt som naust. Alt grindverket, sperr og takheller er frå den gamle uteløa. Naustet har vore til nedfalls den siste tida. Med kyndig arbeid vert naustet vølt og vil stå fram slik eit gamalt naust skal vera.

Det var i bestefar og far til Sigbjørn si tid at uteløa vart riven frå plassen som vart kalla Utløeleie og reist på nytt i det som kan ha vore ei gamal nausttuft. Naustet har i alle år vore brukt til lagring av fiskeutstyr, robåtar og snekke. Mikal L. Rød hadde motorsnekke og Sigbjørn fekk ofte bruka snekka. Seinare har andre fått bruka naustet til sine båtar. Den siste snekka, som stod i naustet, åtte Sigbjørn sjølv. Framleis er det ein gamla færing i naustet. Det er ein Strandebarmar, som ligg på betane.



Eit vakkert vindauga i mønet prydar bygget.

Restaureringa går mellom anna på at taket er reparert. Den store firkanthella er på plass. Alt reisverk er fornya og forsterka. Dette gjeld også alle hjørnestolpane. Mest all bordkledning er ny og det skal koma inn doble naustdørrar. Oppsida, der det også er ei lita dør, vert teken til sommaren. Før det måtte alt gammalt rivast og sjølve tufta vart rydda.

Tore Nordahl Pedersen har drive i glasmeisterfaget på Os. Han har skore til og montert inn eit vakkert vindauga i møne som vender mot fjorden.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Alle konstruksjonane er forsterka for å kunna tola det gamle helletaket.